



Båten heng berre i fortøyningane før berginga kom.

Onsdag i veka oppdaga to menn som arbeidde i båthamna at ein båt tok inn vatn og var i fare for å søkka. Det vart meldt frå og Jostein Hauso frå Uskedal Båtlag Han vurderte det slik at det enno var tid til å varsle eigar. Tidleg torsdag morgon ba ein om assistanse via 110 sentralen og Branntropp Uskedal kom på plassen og starta lensing.

Branntroppen møtte fram med mannskap, lensepumpe og utstyr for å heva båten så mykje at det var mogeleg å starta lensing. Samtidig vart det lånt ein båthenger hjå Rosendal Marina som var på plassen til båten kom på land.

Sjarken til Runar Myklebust vart brukt til biksering bort til båttopptaket. Her vart så båten vinsja opp på hengaren og kjørt vekk. Heile operasjonen gjekk greit og eigar var godt nøgd med hjelpa han fekk.

Brannvesenet sin innsats var rask og effektiv. Når uhellet fyrst har skjedd, så vil båtlaget oppmoda båteigarar å ringe 110 assistanse. Dei veit å varsle og skaffa personell og utstyr til å handtera slike situasjonar.

Vidare vil båtlaget informera alle båteigarar, som har båten sin liggande i Uskedal båthavn, om å oppgje mobil nr til Uskedal Båtlag. Dermed kan ein få meldingane raskt fram.

Kontaktinformasjon kan sendast på mail til: uskedalbatlag@hotmail.no

Tekst: Jostein Hauso/ Kristian Bringedal

Bilete: Jostein Hauso

Nett: Kristian Bringedal



Båten er berga og komen på land.